



Hoshovdstølen bustad- Osterøy

Notat

Eining: Plan v/ V. Kjøpstad

Dato: 23.02.2017

Saknr: 14/974

Kommentar til Statens vegvesen sitt notat datert 15.02.17 – Rekkjefølgjekrav om tilbud til mjuke trafikantar - Forslag til alternativ løysning – Hoshovdstølen bustad – Hosanger-Osterøy kommune

Det har vore eit møte mellom plankonsulent, tiltakshaver og kommunen. Dei synspunkta som vart drøfta vart gjort kort greie for i eit referat i saka. Under følgjer utdrag frå referatet for det som gjeld gangsti/gang- og sykkelveg:


		alternativet.
2.	Gangsti/gang- og sykkelveg	Rådmannen ønskjer det nedre alternativet og ser dette som det mest høvelege. Rådmannen ser det nedre alternativet som eit meir realistisk alternativ til ordinær gang- og sykkelveg. Dette då den øvre trasèen kan bli opplevd meir som ein sti i skogen enn som ein gangveg. Den visuelle kontakten mellom gangstien og fylkesvegen kan gje betre samhandling mellom desse og opplevast tryggare for dei som skal ferdast – spesielt i mørket. Nokre føresetnader må liggje til grunn for at ein skal sjå dette som eit tilfredsstillande alternativ: <ul style="list-style-type: none">• Minimum breidde 2,5 m (helst 3 m). I tillegg kjem sideareal.• Det må vere fast dekke.• Naudsynt sikring må gjennomførast.

		<ul style="list-style-type: none">• Belysning må vere på plass. Vurdere i høve fjernverknad.• Må vurdere i høve til ras/rassikring.• Stigning må ikkje vere større enn at ein kan nytte motorisert rullestol og kunne trille barnevogner dvs praktisk bruk.• Dersom det er fare for stein/snøsprut frå FV må dette sikrast for.
--	--	--



Vi har nokre presiseringar til Statens vegvesen sitt notat i denne saka.

Det gjeldande planområdet er vist i gult. Det tilgrensande planområde (vist i oransje farge) er eit ferdig regulert hyttefelt med inntil 62 nye fritidsbustader. Fritidsbustadane er ikkje bygt pr i dag. Det er privat skule i Hosanger medan den offentlege skulen er i Lonevåg. Det er ca 7 km til Lonevåg og bruk av skuleskyss må difor påreknast hit.



Figur 1 Planområde i gult, sentrum i brunt og hyttefelt i oransje

Tiltakshaver har teke utgangspunkt i gangsti til den største bedrifta i Hosanger og til skulen. Bedrifta er vist med kvit ring i bilete til høgre. Den private skulen ligg utanfor bilete langs den vegen ved den raude trekanten.



Figur 2 Gangstialternativ